

## Rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2021 - 2022

### Dokumentet er i tråd med vedtak sak 025/2021 i kommunestyret 06.05.21.

Med bakgrunn i at det over tid har vore særst utfordrande å rekruttere sjukepleiarkompetanse til pleie- og omsorgstenesta i Modalen, er det naudsynt å konkretisere tiltak som kan bidra til å snu utviklinga for at mål om tilstrekkeleg med sjukepleiarkompetanse vert nådd.

Arbeidsgjevar har i møte med dei hovudtillitsvalde 08.04.21 drøfta rekrutteringspunkt slik vist i dette dokumentet. Det er semje om å gjennomføre tiltaka.

Tiltaka skal gjelde f.o.m. 20.04.21 t.o.m. 31.12.22. Deretter skal arbeidsgjevar og HTV-gruppa gjere ei evaluering og vurdering av tiltaka for vidareføring (heilt/delvis) eller avslutning. Norsk sjukepleiarforbund vart invitert til å komme med skriftlege innspel til punkta i forkant av drøftingsmøtet. Dette vart gjort av NSF Vestland. NSF hadde ikkje tillitsvald i Modalen kommune på tidspunktet tiltaka vart utarbeidd og drøfta.

Tiltaka gjeld sjukepleiarar i turnus innan pleie og omsorgstenesta.

### Tilbod retta mot nye tilsette.

1. Det skal kunne tilsetjast sjukepleiarar utanom søknadsprosess dersom nokon er aktuelle, og dersom det legg føre ledige stillingar. Tilsetjingsutval skal handsame saka.
2. Modalen kommune skal kunne tilsetje sjukepleiarar direkte frå rekrutteringsbyrå dersom det ikkje melder seg søkjarar i ordinære søknadsprosessar. Viktig at innleigde sjukepleiarar også kan søkje på utlyste/tilgjengelege stillingar.
3. Modalen kommune tilbyr inntil kr. 6000,- pr. måned i butilskot (kostnadsdekking), alternativt kan det gjevast tilbod om gratis kommunal bustad.  
Vilkår: føreset bustad i Modalen – hybel eller liknande.  
Begge alternativa gjeld dei to første åra etter oppstart av ny stilling. Modalen kommune kan vere hjelpsam med å skaffe bustad. Dersom ein nyttar seg av dette tilbodet, kan ein ikkje nytte seg av tiltaket/tilbodet i pkt. 4.
4. Det vert gjeve pendlartilskot med kr. 3000,-/ mnd. dei to første åra etter at ein har tiltredd stillinga. Vilkår: dette alternativet gjeld for nye tilsette som ikkje nyttar seg av tilbod om bustadtilskot i pkt. 3, men som pendlar inn frå andre kommunar.
5. Det vert gjeve ei ekstra veke ferie i løpet av året i tillegg til 5 ordinære (6 for dei over 60 år). I tillegg vil det i arbeidsturnusen søkt å leggje til rette for langfri.
6. Søkjarar som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, leiar for pleie- og omsorg avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som *spesialsjukepleiar* (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).

7. 10 % av stillinga vert avsatt til fag- og tenesteutviklingsoppgåver vekk frå avdeling/operativ teneste. Dette inneber ½ dag pr. veke eller 1 dag annankvar veke for full stilling.
8. Det vert gjeve kr. 30 000,- i lønstilskot pr. år (full stilling) i tillegg til at alle tilsette vert direkte plassert i min. lønsansiennitet 10 år. Dette gjeld i tillegg til pkt. 6.
9. Det er moglegheit for å overnatte frå kvelds- til dagvakt på eige rom på Modalstunet.
10. Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad. Ved relevant helsefagleg tilleggsutdanning (60 studiepoeng) skal ein få endra sin stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar. Ut over dette henvisast til lønspolitisk retningsline.
11. Det vert avtala jamnleg fast rettleingstid med leiar.
12. Det vert gjeve stønad til nedbetaling av studielån med inntil kr. 20 000,- pr. år (for full stilling). Ordninga er tidsavgrensa til 5 år frå du starta i stillinga.

Vilkår:

Stønaden vert etter søknad utbetalt som tilskot for kvart opparbeida år. Studielån må dokumenterast, og innbetaling på studielån med aktuell tilskotssum må dokumenterast. Stønadsordninga fell vekk dersom vedkommande ikkje lenger har studielån.

#### **Sjukepleiarar som allereie er tilsett i pleie og omsorgstenesta.**

13. Tilsette som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, leiar for pleie- og omsorg avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til *spesialsjukepleiar* (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).
14. Det vert gjeve tilleggsløn på kr. 30 000,- pr. år (for full stilling). Dette gjeld i tillegg til punkt 14.
15. Det vert gjeve tilbod om gratis årskort på Bryggjeslottet. I første omgang i 3 år frå tidspunktet rekrutteringstiltaka vert vedteke i kommunestyret og av HTV.
16. Det vert gjeve èi ekstra veke ferie i løpet av året i tillegg til 5 ordinære ( 6 for dei over 60 år). I tillegg vil det i arbeidsturnusen søkt å leggje til rette for langfri.
17. Det vert gjeve stønad til nedbetaling av studielån med inntil kr. 20 000,- pr. år (for full stilling). Ordninga er tidsavgrensa til 5 år frå tidspunktet rekrutteringstiltaka vert vedteke i kommunestyret og av HTV.

Vilkår:

Stønadene vert etter søknad utbetalt som tilskot for kvart opparbeida år. Studielån må dokumenterast, og innbetaling på studielån med aktuell tilskotssum må dokumenterast. Stønadsordninga fell vekk dersom vedkommande ikkje lenger har studielån.